

## SAK 14-12 ØKONOMIPLAN 2013 – 2016 OG ÅRSBUDSJETT 2013

### Saksopplysning

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan/handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er:

- Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010
- Vedteke handlingsprogram, Regionrådet sak 79/08.
- Årsbudsjett for 2012 og økonomiplan og handlingsprogram for 2012 – 2015, Hallingtinget sak 11/11.

### Driftsbudsjettet for 2013

Driftsbudsjettet for 2013 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2011, budsjett for 2012 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret.

Totalt er det for 2013 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 479.000, som vil bli refundert frå prosjekt. Tilskot frå kommunane er budsjettert med kr. 1.500.000, som er ei auke på kr. 96.000 frå 2011.

Det er kommunane som i stor grad må dekkje drifta av regionrådet.

Vedlegg 1 syner forslag til driftsbudsjett for 2013.

Vedlegg 2 syner forslag til kostnadsdeling mellom kommunane for 2013.

### Post 25699850 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond var 31.12.2011 på kr. 1.013.165,30.

I sak 11/11 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.000.000 ved starten av året:

4. *Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.*
5. *Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.*
6. *Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.*

### Handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal

Revidering av Strategisk plan for Hallingdal vil vera ei eigen sak på Hallingtinget hausten 2012.

Ut frå vedteken plan skal det utarbeidast eit handlingsprogram. For 2013 kan det vera eit spørsmål om handlingsprogram skal utarbeidast etter gjeldande strategisk plan eller om det skal utarbeidast handlingsprogram med bakgrunn i ny Strategisk plan for Hallingdal. Forslag til strategisk plan har ein noko annan oppbygging og retning enn gjeldande plan. For å ikkje «miste tid» synest det derfor rett å ta omsyn til ny plan i handlingsprogrammet for 2013. Dersom ein føreset at Hallingtinget vedtek Strategisk plan for Hallingdal 26.oktober 2012, vil det kunne bli utarbeida endeleg handlingsprogram, som Regionrådet for Hallingdal får fullmakt til å handsame, eller som Hallingtinget handsamar på april møte 2013.

Handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal vil kunne ha tiltak som blir gjennomført av Regionrådet eller Rådmannsutvalet, og det er tiltak som det kan vera naturleg at Regionrådet og Rådmannsutvalet samarbeida om. I tillegg kan det vera tiltak som eksterne har ansvaret for (ref. partnerskapsavtale med Hallingdal Næringshage).

Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette m.a. via partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune og tilskot frå kommunane.

Utviklingsmidlar frå Buskerud fylkeskommune (partnarskapsavtale) er for 2012 på kr. 2.470.000. Her er det viktig å vera merksam på at dette er midlar som også kan søkjast på, slik at det kan vera feil å foreta eit forslag til disponering av heile potten.

I tillegg står det midlar i det regionalt næringsfond som har fått statlege midlar i 2006, 2007, 2008, 2010, 2011 og 2012. Ubrukte midlar pr. 1.10.2012 er kr. 5.805.000.

Det blir og arbeid kontinuerleg via heile verkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa av prioriterte tiltak. Som døme Bulyst-midlar i 2011 med 3 mill. kroner.

Strategisk plan for Hallingdal med handlingsprogram skal vera den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av handlingsprogrammet.

### **Samandrag økonomiplan 2013 – 2016 (2012-kroner)**

<b>TILTAK</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Driftsbudsjett	2.209.000	2.209.000	2.209.000	2.209.000
Disposisjonsfond	-	-	-	-
Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt)	5.070.000	5.270.000	5.270.000	5.270.000
<b>SUM</b>	<b>7.279.000</b>	<b>7.479.000</b>	<b>7.479.000</b>	<b>7.479.000</b>

### **Finansiering**

<b>TILTAK</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Kommunane, driftsbudsjett	1.500.000	1.500.000	1.500.000	1.500.000
Eigeninnsats	479.000	479.000	479.000	479.000
Renter	230.000	230.000	230.000	230.000
Kommunane, disposisjonsfond	-	-	-	-
Kommunane, tiltak Strategisk plan	600.000	800.000	800.000	800.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	2.470.000	2.470.000	2.470.000	2.470.000
Regionalt næringsfond (under føresetnad vidare løyvingar)	2.000.000	2.000.000	2.000.000	2.000.000
<b>SUM</b>	<b>7.279.000</b>	<b>7.479.000</b>	<b>7.479.000</b>	<b>7.479.000</b>

### **Regionrådet for Hallingdal handsama budsjett i sak 50/12.**

#### Innstilling frå Regionrådet:

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2013, med ei kommunal finansiering på kr. 1.500.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 600.000 for 2013, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2013 – 2016. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2013.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.

6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

### **Forslag til vedtak**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2013, med ei kommunal finansiering på kr. 1.500.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 600.000 for 2013, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2013 – 2016. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2013.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

Ål 9.10.2012

*Knut Arne Gurigard*

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

- Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2013.  
Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2013.

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2013

KONTO	TEKST	BUDSJETT FOR 2013	BUDSJETT FOR 2012	REKNESKAP FOR 2011
<b>ADMINISTRASJON</b>				
10100	Løn	1 250 000	1 180 000	1 102 339
10990	Arbeidsgjevaravgift	140 000	150 000	132 209
10900	Pensjon	170 000	170 000	144 140
11900	Husleige	80 000	60 000	66 090
11301	Telefon	23 000	25 000	17 750
11300	Porto	2 000	4 000	1 242
11000	Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	15 000	15 000	13 197
12000	Inventar og utstyr	40 000	15 000	13 464
11501	Reiseutgifter, adm.	65 000	70 000	50 578
11151	Møteutgifter	10 000	10 000	5 428
11500	Kurs, konferansar	10 000	10 000	8 535
11402	Brevark, konvoluttar, logo	15 000	15 000	26 743
11951	Lisensavgifter	50 000	40 000	48 044
11209	Ymse utgifter administrasjon	15 000	15 000	9 054
13501	Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	30 000	35 000	20 304
<b>SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER</b>		<b>1 915 000</b>	<b>1 814 000</b>	<b>1 659 119</b>
<b>POLITISK DEL</b>				
10800	Godtgjersle leiar	40 000	37 000	33 500
10801	Møtegodtgjersle	35 000	35 000	21 600
10990	Arbeidsgjevaravgift	8 000	7 000	8 120
11501	Reiseutgifter	50 000	50 000	44 476
11209	Ymse utgifter Regionrådet	50 000	30 000	71 341
12700	Konsulenttjenester og juridisk bistand	0	0	55 880
14700	Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
11500	Regionrådskonferanse	25 000	25 000	0
	Drift Hallingdal Ungdomsråd	80 000	80 000	80 000
<b>SUM UTGIFTER REGIONRÅDET</b>		<b>294 000</b>	<b>270 000</b>	<b>320 916</b>
<b>TOTALE KOSTNADER</b>		<b>2 209 000</b>	<b>2 084 000</b>	<b>1 980 035</b>
<b>INNTEKTER</b>				
17500	Frå kommunane etter fordeling, drift	1 500 000	1 404 000	1 231 069
3999	Eigeninnsats prosjekt, refundert	479 000	450 000	488 000
19000	Renter av bankinnskott	230 000	230 000	212 117
19400	Bruk av disposisjonsfond	0	0	80 207
<b>SUM INNTEKTER</b>		<b>2 209 000</b>	<b>2 084 000</b>	<b>2 011 393</b>
<b>RESULTAT</b>				
9000	Årsoverskot	0	0	31 359



## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

### FORDELING AV KOSTNADER 2012

#### FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltakrarar i regionrådet

70 % etter folketal (berekna 1.7.2012)

**BUDSJETT 1 500 000**

#### FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2012

**BUDSJETT 600 000**

#### DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2012

**BUDSJETT 0**

#### KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INNB.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM
Flå	1054	64 401	64 401	128 802	30 744	0	159 545
Nes	3474	126 166	126 166	252 331	101 332	0	353 663
Gol	4620	155 414	155 414	310 829	134 759	0	445 588
Hemsedal	2212	93 956	93 956	187 912	64 521	0	252 433
Ål	4754	158 834	158 834	317 669	138 668	0	456 337
Hol	4456	151 229	151 229	302 457	129 976	0	432 433
<b>SUM</b>	<b>20570</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>	<b>1 500 000</b>	<b>600 000</b>	<b>0</b>	<b>2 100 000</b>

Ål 1.10.2012

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar